

Vi mottar helst leserinlegg på e-post. Send til debatt@nationen.no. Innlegg kan også sendes i posten, men inlegg som kommer på e-post blir prioritert.

Kun bestilte kronikker honoreres.

Redaksjonen forbeholder seg retten til å forkorte innsendt stoff, og til å publisere det elektronisk.

Kronikk: 5000 tegn med mellomrom.
Leserbrev: 2500 tegn med mellomrom.

FUGLEINFLUENSA

Økologisk vendepunkt?

■ Innføring av nye tenkemåter i etablerte fagmiljø tar tid. Spesielt i tunge og tradisjonelle miljø som matsektoren i Norge. Salget av økologisk mat økte i 2005 med 30 prosent i Coop-butikkene og 40 i Norgesgruppen. Dette har kanskje endelig fått landbruket til å våkne. For første gang ser vi nå klare anbefalinger fra tunge matvareaktører om å satse på økologisk produksjon. Tine har for lite økomelk til å oppfylle bestillingene, og maner frafalne økobønder til å drive økologisk igjen. Som Bondebladet skriver: Nå er markedet klart, og da er det viktig å smi mens jernet er varmt. Dette er et positivt vendepunkt for økologisk landbruk i Norge.

Den siste tida har vært preget av nyhetsoppslag om fuglevirus og fare for spredning av smitte til våre strøk. Mattilsynet har iverksatt forbud mot utegående tamfugl i Norge. Fokus holdes på smittefare i våre områder, og det diskuteres lite hva som er årsaker og mulige langtidsvirkninger.

Husdyrhold skjer ikke bare for å skaffe mat, men har også viktige sosiale funksjoner. I våre vestlige samfunn der myndighetene bruker milliarder på psykiske lidelser og mistilpasninger, er det dokumentert positive effekter av dyrehold. I Danmark har over 100.000 familier høns eller andre tamfugler som privat matauk eller hobby. Fugleinfluensaen fører altså til tvangsavvikling av hobbyhøns og mindre

trivsel i nabolaget. Et kanskje enda alvorligere forhold er at vestlige mattilsyn forbyr naturlig husdyrhold med utegang. Når husdyra jages innendørs i trange binger og bur, gir det økt stress og sykdomsrisiko. Hva med å utvikle og gi tilskudd til bønder som vil bygge for eksempel overdekkede luftegårder for høns, som gir nødvendig vern mot smitte fra villfugl og samtidig lar hønene gå ute i naturen?

Smitteutbruddene oppstod som følge av intensivt fuglehold, dårlig dyrevelferd og vanskelige forhold for både fugl og mennesker i Sørøst-Asia. Fattigdom hos produsentene og lite fokus på smittefare hos de som sender kyllingkjøttet ut i verdensmarkedet kan ha skapt en tikkende smittebombe. Når smitten nå fører til at dyrevelferden og gleden med dyrehold i våre strøk også reduseres med forbud og skrekkszenarier, har naturen tapt på begge fronter. Det blir et negativt vendepunkt for alle som liker å ha noen høns eller gjess som naturlige innslag i sitt lokale økosystem. Det kan også sette bom for utvikling av økologisk produksjon av egg og fjørefkjøtt, selv om dette trengs mer enn noen gang nå som markedet etterspør mer økoverar.

Det sterke salget av økomat betyr at stadig flere etterspør etisk og økologisk forsvarlig matproduksjon som ivaretar både husdyr og mennesker. Naturen har sin egenverdi som ikke kan måles i produktprisen. Samfunnskap om økologiske sammenhenger motivere politikere og markedsaktører til endringer i retning av mer økologisk og etisk matproduksjon, eller er slike vendepunkt kun styrt av markedet?

Kurt Atle Hansen, styreleder i OIKOS – Økologisk Landslag



IKKE BARE MAT: Høns. ARKIVFOTO

OLJEUTVINNING I NORD

Nødvendig 12 mil sone

■ På bakgrunn av en rapport Natur og Ungdom lanserte denne uka, ber vi om at det opprettes et permanent petroleumsfritt område på 122 km fra land langs hele Finnmarkskysten. Ved en oljeulykke vil et slikt belte sikre naturverdiene langs kysten mot oljesøl, og gi tid til å få på plass tilstrekkelig oljevernberedskap. SFT har sagt at det er nødvendig med 2 døgn drivtid for oljen ved en oljeulykke. Mulighetene for effektiv oljevernberedskap nær kysten er dessuten svært begrenset. Det vil være uforsvarlig å ut-

sette naturverdiene langs kysten av Finnmark for den risikoen som olje- og gassvirksomhet innebærer, uten mulighet for en effektiv oljevernberedskap.

Det har kommet fram at Arbeiderpartiet ønsker at all skipstrafikk skal gå utenfor en grense på 70 km fra land, samtidig som man ønsker å tillate oljeboring innenfor denne grensa. Men vet ikke Jens Stoltenberg at det følger transport med et oljelekk?

Gøril L. Andreassen, nestleder i Natur og Ungdom

Let EU og Tyskland styre

KARL-JAN ERSTAD

KRONIKK

Nasjonen sette 20. mars fokus på ei dansk analyse som viste at EU styrer det overordna lovverket. Dette er dels til liks med Noreg, men vi er mykje skuld i det sjølv, fordi vi let vere å møte i komiteane som EØS- og CEN-medlem.

Det går konstant føre seg ein debatt i Europa om kor djup integrasjonen skal vere. Noreg har som kjent verna primærnæringer og naturressursar som EØS-medlem, har ein nasjonal utanrikspolitikk, mens vi på det tekniske feltet og øvrige handelsområdet er sterkt integrerte. Mange land ønsker delar av det samme, som Storbritannia innan sosial- og pengepolitikk, og Frankrike i landbrukssektoren. EU-grunnlova fekk ein bråstopp etter folkerøystingane i Frankrike og Nederland, men anna samordning går trottig framover med små steg.

I hundrevis av komitear i EU kan Noreg møte som observatør, med talerett. I tusenvis av komitear og arbeidsgrupper under CEN (Den europeiske standardiseringskomiteen) kan vi møte med fulle medlemsrettar, som alle land som fyller dei tekniske krava. I praksis er det i dag alle EU- og EFTA-landa. Mange norske ekspertar har tatt aktivt del i heile si karriere, underteikna hitil i 15 år. Og vi har levert handfaste produkt: standardar som i dag kan kjøpast hos Pronorm under Standard Norge. Nokre få av standardane er heilt frivillige, svært mange er tatt inn av Noreg av våre styresmakter ved lovverk, mens stadig fleire følger EU/EØS-direktiv ved at arbeidet er gjort under EU/EFTA-mandat (harmoniserte standardar).

I byrjinga av 90-talet etablerte staten 10 såkalla temasenter innanfor eksisterande forvaltningsorgan. Desse skulle engasjere seg i europeisk standardisering, treke inn norsk næringsliv og sørje for at standardane vart tatt i bruk. Men med åra døydde temasentra gradvis ut, fordi øyremarka midlar forsvann i budsjetta. Vi har lenge ropt ulv, men det hjelpte ikkje, og no varslar vi ikkje lenger ulv.

Ein av etatane som har stått mitt fagområde nær, saman med sine forløparar, er Mattilsynet, men svaret er overtydeleg klart: Dette har ikkje vår prioritet, og mange forvaltningsområde vert parkert. Det gir også eit negativt signal til næringslivet som ikkje møter aktivitet hos styresmaktene. Mattilsynet er mediestyrt, og lever i den politiske økonomien. Nesten alle medarbeidarar er på sprang etter

sjukdom og elende, og fokuset er helst «To tema på topp.»

Men vi spesialistar skal ikkje sutre. Vi berre rettar også vårt fokus vekk frå Noreg. Det siste året har eg fått oppgåver for sveitsisk, internasjonal industri. Sveits er sanneleg eit land som vernar sitt særpreg, men opererer internasjonalt i industri og teknikk, og kontrollerer store verksemdar over heile Europa. Tyskland er midt i Europa, og industri og forvaltning satsar. Sjølv har eg nært arbeid saman med Det tyske miljøverndepartementet når det gjeld både produktkvalitet og analysemetodikk, det siste for å førebygge tvistemål.

På fagområdet kalk og gjødsel for landbruket er det møte i Köln 3. april og i Hamburg sjølvaste 17.

Mattilsynet er mediestyrt, og lever i den politiske økonomien.

mai, og vi arbeider no med nye og strengare krav til granulerte kalkvarer. Fagfeltet vassverkskjemikalie møtast i Köln 4. april og Berlin 1. juni, og i dag gjeld det tyske krav om lågare tungmetallinnhald. Eg har bryna meg mot kollegaene i Berlin. Miljøverndepartementet meiner at berre det aller reinaste er godt nok, og spør retorisk under vårt arbeid: Korleis kan til dømes eit land som Noreg kontrollere forholdet mellom kjemikaliedose og forureiningar når forvaltninga ligg nede for teljing?

Tyskarane set krava til vassverkskjemikalie i samband også med vassdrag, for det som har gått som drikkevatt, skal på eit stadium tilbake som naturvatn. Dermed får vi ei kopling mellom Drikkevassdirektivet og Vassdirektivet. Vassdragskalk i Noreg og Sverige

må dermed følge krava som gjeld for vassverk. Vi ventar at SFT og Direktoratet for naturforvaltning skulle følge opp.

Men underteikna rapporterer ikkje lenger til norske styresmakter, fordi dei ikkje viser interesse på nokon måte. Lovverket vert ikkje oppdatert, ein manglar peiling. Vi ventar på revisjonen av Artikkelen 10 i Drikkevassdirektivet, som i dag går på generell omtale av at ingen stoff eller materiale skal vere tilbake etter handsaminga og skade vasskvaliteten. I framtida er det førespegla at det vert vist direkte til europeiske standardar (EN). I mellomtida vil leverandørar kunne køyre saker av typen «Cassis de Dijon» – eit produkt som er godtatt i eit land med god kvalitetsstyring, må akseptereast av andre land i EØS-området. Det skulle også sjå rart ut i opinionen om vi skulle legge oss på dårlegare kvalitets- og reinleikskrav enn Tyskland. Norsk Lovtidende kan rasjonelt gi oss ei Internett-lenke til Det tyske miljøverndep. Då har vi spart oss vidare kostnad med eiga norsk forvaltning på området.

Den gamle Kol- og stålunionen med seks land er kjernen i det europeiske samarbeidet, men vi konstaterer at Italia er litt med på kjøt og fleisk. BeNeLux lever svært så integrert i eit fransk og tysk økonomisk område, og i det siste er Tyskland sjølv lokomotivet. Andre nasjonar vert randstatar som følgjer med etter evne og vilje, mens EU utvidar inntil det har forstrekt seg. Dermed går Europa framover i ulik fart. Hellas er eit land som i 2006 set militær rusting framføre ressursar til teknisk samarbeid i Europa. Parallelt set Noreg fritidssamfunnet, medieunderholdning og oljekomfort framføre generell kompetansebygging, realfag og arbeid i europeiske fellekkap.

Dr. scient. Karl-Jan Erstad, Rådgivande agronomar



KAN MØTE: I hundrevis av komitear i EU kan Noreg møte som observatør, med talerett. I tusenvis av komitear og arbeidsgrupper under Den europeiske standardiseringskomiteen kan vi møte. Men gjør det ikkje.

FOTO: THOMAS VERMES